

# Sørem og Uleberg

## gnr. 13 og 14.



Av Knut Raastad, januar 2025



*Frå Sørem ca. 1900. Foto frå Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv.*

# Sørem

I 1586 var det skjøte på Sørem 3 huder frå Gyrvild Fadersdatter Sparre, enkje etter Hr. Lauge Brahe til kongen Frederik 2., Sørem vart da overført saman med alt anna gods ho hadde i Akershus len.

Brukar i 1560-61 var Nils Sørum.

Jacob Sørem vart nemnd som brukar i åra frå 1613 til 1632. Skifte på Sørem etter Nils Jacobsen i 1667 viser syskjena hans, og manntalet 1666 ein annan bror som var død eit par år før. Jacob Sørem hadde 8 barn:

Johannes, neste brukar

Jon, seinare brukar

Nils f.ca.1613, på Sørem i 1666

Endre

Sirre

Kjersti, g. Sylte

Barbro

Eldri

Johannes Jakobsen Sørumb overtok etter faren frå ca. 1632.

Frå 1635 var det Jon som betalte leige av 3 huder i Sørem, og frå 1636 for 1 hud i Skårvangen. Koppskatten 1645 nemnde Jon Sørumb og hans hustru. Etter manntalet 1666 var Sørem 3 huder, i tillegg var det ein engeplass 1 hud som truleg var i Skårvangen. Matrikkelen 1668 viser at Sørumb 3 huder tilhørde kongen. Jon d.ca. 1665 var gift med Rønnaug Olufsdatter d.ca.1672, dei hadde 4 barn:

Jacob f.ca.1642

Erland f.ca.1645

Ole f.ca.1649 d.ca.1704, neste brukar

Marit

Ole Jonsen betalte jordleiga i 1678-1680. Sørem var i 1678-1679 tillagd major/kaptein Ole Brun som frigard slik at Brun fekk leige av garden. I 1702 hadde Ola Sørem ei sak med kaptein Bryneche om leiga. Ole Jonsen var gift med Kari Amundsdatter nigard sør-Sandbu d.ca.1719. Skoskatten 1711 viser Kari Sørumb og tre barn. Ole og Kari hadde 5 barn:

Jon f.ca.1672, neste brukar

Rønnog d.før.1719, g.m. Ole Holbø 1670-1727

Sønnef f.ca.1679, ugift 1719

Kari f.ca.1680 d.ca.1745, g.m. Amund Andersen Austrem s.f.ca.1679 d.ca.1738

Amund, f.ca.1685

Matrikkelutkastet 1723 viser at Sørum 4 huder tilhørte kongen, men i 1726 kjøpte og tilforhandla Jon Olsen seg på auksjon over kongens jordegods garden Søre med Skårvang engeland 4 huder for 1630 rd. Skjøte vart skrivi i 1727, da var halve kjøpesummen betalt medan det for reisten vart utskrivi ein panteobligasjon. Jon Olsen var gift med Goro Tronsdotter d.ca.1743 dotter til Barbro Larsdtr. Desse dreiv Søre vidare også etter at garden var seld, i alle fall til 1743 da det var mor til Goro som dreiv. Jon og Goro hadde 2 barn:

Ole f.ca.1726

Jacob f.ca.1730

I 1734 selde og skjøta Jon Søre garden sin Søre med Skårvang engeland til Tosten Hielle for 1652 rd. og utlagt rente 278 rd.

I 1743 var det befaring etter krav frå Iver Eliesøn og Claus Benneche som hadde krav mot Tosten Hjelle, taksten vart da sett til 1300 rd. for Søre med Skaarvang. Kaptein Knut Rudolf Kaas skreiv kontrakt med Eliesen og Bendike om overtaking. Men i januar 1746 gjorde Kaas avtale med kaptein Jens Tronhuus om at han skulle ha halve garden. Til innløysing av kjøpesum lånte Kaas i 1747 719 rd. av Tosten Haagenstad og Tronhuus 630 rd. av magister David Schødt sokneprest i Fron. Men da skjøte vart skrivi i september 1747 går det fram at Kaas ikkje fekk tak i pengar, og overlet kontrakta til Tronhuus og Haagenstad, dermed var det dei som fekk skjøte for 1400 rd. frå Eliesøn og Simen Bendike på vegne av arvingar etter Claus Bendike. Tronhus løyste inn lånet til Schødt i 1751 med nytt lån 700 rd. av Ole Iversen søre Sandbu.

I 1750 selde og skjøta Thorsten Iversen Haagenstad halve Søre med Skårvang engeland 2 huder til Hans Poulsen Tofte, Dovre. I 1752 var det skjøte attende frå Hans Poulsen Tofte til Tosten Iversen Haagenstad for 800 rd. Men så har nok Jens Tronhus overteke også denne delen, for i 1754 vart det skrivi panteobligasjon på 1000 rd. til Tosten Iversen Haagenstad for halvparten av Søre som Haagenstad hadde selt han. Pantet var halve Søre, og pantsetjing av halve garden vart også gjordt seinare utover 1700-talet ved nye långjevarar. Frå 1776 var Søre utanom Søremsplassen i Skårvangen på 2 huder 10 skinn mot tidlegare 3 huder, Uleberg 2 skinn vart i 1776 seld til lensmann Jarman som var svigersøn til Jens Tronhus.

Jens Tronhuus 1711-1807 var son til Lars Jensen Hveberg, Vang på Hedemarken og Karen Jacobsdtr. Tronhuus. Jens var gift med Karen von Aphelen 1717-1757, dei hadde 7 barn:

Karen Margrete 1744-1767, g.m. lensmann Lars Jarman 1740-1792

Lars 1745-1745

Maren Sopia 1746-1747

Kjerstin, g.m. Ole Hansen

Maren Sophie 1749-1792, hadde med Peder Hansen sonen Christian Feyer f.1792

Anne f.1752

Johan 1753-1753

Jens Tronhuus vart 1762 gift på nytt med Ingeborg Kirstine Tax f.ca.1740 d.1819 dotter til begverksmann Gothelf Brostrupsen Tax 1708-1749 og Karen Andersdr. Scheldrup. Jens og Ingeborg hadde 9 barn:

Karen 1763-1763

Johan Friedrich f.1765-1788, fenrik, død ved Svinesund

Lars Gotlob 1767-1784

Jacob Schmidt 1771-1850, g.m. Pauline Feldtmann 1771-1804, prest i Fron

Marie Hedvig 1774-1837

Karen Kristine f.1776

Jens 1778-1845, neste brukar

Karen Kristine 1781-1853, g.m. Johan Clemens Trosdahl f.1791. Hammer og Olstad s.

Gidsken Elisabeth 1784-1841, g.m. Ener Tordsen, til Smedsmo

Jens 1778-1845 fekk i 1796 skjøte frå faren på Søremskyld 2 huder 10 skinn for 1799 rd. I 1805 overtok han buskap og lausøyre frå faren mot å betale gjeld som faren hadde. Jens var gift med Ingelev Eriksdotter f.ca.1782 d.1813, dei hadde 3 barn:

Jens 1805-1878, i 1865 og 1875 budde han på Sve

Anne f.1807

Karen f.1809, g.m. Amund Jensen Lyngved

Som enkjemann hadde Jens ned Sigrid Eriksdotter Sæta 1 barn:

Marit 1814-1814

Jens vart 1815 gift på nytt med Magdalene Petersdotter Munch, f.ca.1777 d.1829 dei hadde 2 barn:

Peter f.1816

Johan Frederik f.1818

Markus Frederik Bang Vang f.1819

Jens vart 1830 gift for tredje gong med Marit Iversdotter Blessum f.ca.1802 dotter til Iver Blessum, dei hadde 1 barn:

Barbro f.1831

I 1848 var det skjøte til lensmann Walle for 5000 spd. Hans Olsen Walle (frå Toten) 1808-1880 var son til Ole Hansen Gaarder f.1756 og Birte Jensdr. Hans Walle eigde Valle på Lena frå 1840, men selde garden i 1844. Hans vart 1834 gift med Kari Olsdotter Fellese 1810-1886 dotter til Ola Andersen Fellese 1780-1816 og Guri Pålsdr. Tolstad 1779-1810, Kari ervde Fellese etter faren i 1816. Kari og Hans hadde 8 barn:

Ole August 1834-1907, neste brukar

Beatha 1837-1897, seinare brukar

Iver Theodor 1839-1889, sakfører i Vågå, ugift

Anton Wilhelm Walle 1842-1917, g.m. Julie Andrea Mynstner f.1845. Prest i Nesna og seinare Holla (Telemark)

Caroline 1845-1902, g.1874 m. Ole Johnsen Blessum s. 1846-1913

Georgine Marie 1847-1900, ugift

Hans Olous 1849-1849

Hanna Gyda 1852-1920, ugift

Folketeljinga 1865 viser at det da var Ole Walle 1834-1907 som var brukar på Sørems. Ole vart 1859 gift med Kari 1839-1920. Dei overtok seinare Fellese.

Beatha 1837-1897 vart 1870 gift med Ole Olsen Lunde nig. 1834-1912 son til Ola Iversen Lunde 1790-1844 og Mari Olsdtr. Angard 1805-1870. Ole Olsen Lunde fekk i 1872 skjøte frå svigerfaren Hans Walle på Sørems for 2200 spd. Beatha og Ole hadde 1 barn:

Iver 1871-1930, neste brukar

Iver Lunde overtok etter foreldra, og da han døydde i 1930 vart det tinglyst attest på at han var einaste arving etter foreldra og at enkja Marie sat i uskifta bu. Iver var gift med Marie Frantzen 1871-1949, dei hadde 3 barn:

Beatha 1905-1974, g.m. Kristen Pålsen Ellingsbø 1903-1972, til Aasgaard

Olav 1910-1990, neste brukar

Torbjørn 1913-1934

Olav Lunde fekk skjøte frå mora i 1949.

Torbjørg Høijord f.1937 fekk heimel på Sørems i 1990 etter at onkelen Olav Lunde døydde. Torbjørg frå Aasgaard var dotter til Beatha Lunde og Kristen Ellingsbø, ho vart 1958 gift med Kåre Hansen Høijord, Ramnes i Vestfold f.1935. Torbjørg og Kåre overtok Aasgaard i 1972. Kåre og Torbjørg har 4 barn:

Kristin f.1958

Synnøve f.1961, g.m. Ola Magne Svare f.1957

Berit Anette f.1967, neste brukar

Kjell Petter f.1969, g.m. Margrethe Linstad

Gardstunet låg tidlegare oppe i jordet og etter nedteikna utsegn frå Olav Lunde var det i tida til Walle at tunet vart flytta ned, truleg for å kunne drive skysstasjonen betre.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Nigard Lunde, Fellese

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

## Søremshaugen

Hans Andersen f.ca.1741 d.1826 var i 1801 husmann med jord under Sørems og nemnd som Sørumsaugen i 1794. Hans var gift med Barbro Andersdotter f.ca.1753, dei hadde 3 barn:

Anders f.ca.1788, neste brukar

Hans f.ca.1789

Ivar f.1794

Anders Hansen f.ca.1788 d.1867 var i 1865 føderådsmann. Anders Sørumseje vart 1828 gift med Kari Olsdotter Visdal 1807-1897 dotter til Ole Johannesen 1761-1848 og Rønnoug Jonsdr. Sandviken/Gjelbakken 1776-1870. Anders og Kari hadde 8 barn:

Ole 1831-1920, neste brukar

Barbro 1834-1857

Rønnaug f.1837, g.m.Thore Pedersen f.ca.1836

Anne f.1840

Iver f.1843

Johannes f.1846

Marit f.1849, hadde med Peder Johnsen Lillesæter 2 barn:

Kari f.1872

Mari f.1878, g.m. Syver H Torstuen f.1877

Anders f.1852

Ole Andersen Sørumshaugen f.1831 var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord. Ole vart 1867 gift med Gunhild Johannesdotter Ødegaarden f.1844 d.etter 1920 dotter til Johannes Olsen Øiseie. Ole og Gunhild hadde 6 barn:

Anders f.1868, g.m. Brit Olsdr. Sagflaten f.1871

Gunhild f.1869

Johannes f.1872, g.m. Brit Olsdr. Skaarsbrekken f.1871

Kari f.1874, ugift, hadde sonen Gustav f.1900 som vart neste brukar

Anne f.1877

Rønnaug f.1882

Søremshaugen gnr. 14 bnr. 3 vart frådelt frå Sørem i 1920 med skjøte i 1921 frå Iver Lunde til Gustav Søremshaugen for kr 4500. I 1920 var Gustav småbrukar. Gustav Søremshaugen 1900-1986 var son til Arne Kristiansen, Lillehammer og Kari Søremshaugen. Gustav vart 1952 gift med Torø Sæta f.1912 dotter til Simen K Sæta og Tea Visvollen. Gustav og Torø hadde 2 barn:

Kåre f.1953, neste eigar

Svein f.1955, g.m. Lillian Juland

Kåre overtok i 1974. Han vart 1978 gift med Solbjørg Margit Bakken, Sel f.1954 dotter til Sverre Bakken f.1926 og Magnhild Slåen f.1923. Kåre og Solbjørg har 2 barn:

Geir Tore f.1978

Sissel Merete f.1981

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

## Søremskleiven

Ole Johnsen var i 1801 husmann med jord under Sørem. Ole Kleven f.ca.1758 d.1812 vart 1783 gift med Ane Andersdotter f.ca.1761 d.1848. Ole og Ane hadde 7 barn:

John d.1783

Anders f.1787

Johan f.1789, neste brukar

Hans f.1794

Anne f.1797, hadde med Jørgen Poulsen Brænden sonen Ole Jørgensen f.1818, Ole kom til Raastadlykkja

Anne hadde med Peder Engebretsen Kjølstad n. f.ca.1810 d.1877 sonen John Pedersen f.1832, John kom til Grønløkken

Christine f.1797

Kari f.1801

Johan Olsen var gift med Marit Thorsdotter. Ved barnefødsel i 1833 budde dei på Kleiven under Sørum. Enkja Mari Thorsdotter f.ca.1789 var i 1865 føderådskone. Johan og Marit hadde 1 barn:

John f.1833, neste brukar

I 1865 var John Johnsen f.1833 husmann med jord under Sørem. John vart 1857 gift med Mari Hansdotter Sandbueie f.ca.1826 dotter til Hans Johannesen Sandbueie. I 1875 var enkja Mari Hansdotter f.ca.1826 husmann med jord, i 1891 føderådskone. John og Mari hadde 1 barn:

Johan f.1857, neste brukar

Johan var gift med Elsi Olsdotter f.1863 og i 1891 budde dei truleg på Søremskleiven. Johan og Else hade 4 barn:

John f.1884

Mari f.1885

Thor f.1887

Gunhild f.1889

I 1900 var det skinnfellmakar og gartnar Hans H Sambuhaugen f.ca.1841 som budde på Søremskleiven. Også enkja Marit O Grønløkken f.ca.1819 budde der, og mannen hennar John Pedersen f.1832 d.1898 budde der da han døyde.

I følgje kartet heiter det Søremskleiven ovanfor riksvegen synst i Søremsjordet like vest for avkjøringa til hangglidersenteret.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

## Svarttjernulen – Ulen

Svarttjernulen låg ovanfor og vest for Grønsletta. Det er att tomter ved ein skogsveg som går oppover frå Grønsletta, like etter at den kjem inn på skogteigen til Sørem.

Enkja Mari Knutsdotter f.ca.1802 var i 1865 husmann med jord på Svartkjærullen under Sørem. Ved barnefødsel i 1826 var ho på Øyseie, i 1836 på Rustbrækken og 1843 Rundhaugen. Mari var dotter til Knut Johnsen Sundeeie. Ho vart 1848 gift med enkjemann Hans Hansen Stade f.ca.1790 son til Hans Knutsen Stade. Mari hadde 3 barn:

Anne Pedersdotter 1826-1893, faren var Peder Johannesen Ringneset. Anne hadde med Hans Olsen Øyseie dottera:

Rønnaug Hansdotter 1854-1943 g.m. Anton Isaksen Moen 1867-1943. Moslingstugu.

Rønnaug Hansdotter 1836-1929, neste brukar

Knut Hansen f.1843, faren var Hans Knutsen Rottemshagen, Knut g.m. Anne Johnsdtr. Sandbakken f.ca.1842. På Stokstadnesset i 1875.

Rønnaug Hansdotter f.1836 var dotter til gift mann Hans Hansen Nettet. Rønnaug var ikkje gift. Ole Eriksen (Britin) f.ca.1826 vart i 1865 oppgjeve som friar og i 1875 som inderst og dagarbeidar. I 1910 hadde Rønnaug litt jordbruk, i 1920 står det at ho var forhenverande husmann. Ho var busett i Svarttjernulen da ho døydde i 1929. Rønnaug hadde 5 barn:

Mari f.1859, faren var Ole Fredriksen, g.m. Ole O Synnehaugen f.1868, dei hadde barna Ole f.1890, Hans f.1895, Anders f.1899. Budde her i 1900, på Søremsbråten i 1920.

Anne Olsdotter f.1862, faren var Ole Fredriksen søre Haave, Fåberg

Rønnaug f.1867, faren var gift mann Jon Pedersen Søremskleiven Grønløkken f.1832.

Rønnaug budde her i 1900, ho hadde 2 barn:

Ragnhild 1893-1945, (faren var Anders Olsen Hovde/Osperanden f.1869), g.m. enkjemann Jon Pedersen Kjeldløkken 1867-1927 og hadde 4 barn. Ragnhild gift på nytt med Ola Granrud/Grinda f.1862. Til Sel.

Anna 1900-1972, (faren var Anders Olsen Sveen f.1879), g.m. Aksel Hansson 1888-1975, til Bjørklund.

Marit Knutsdotter f.1873, faren var enkjemann Knut Thorsen Sandbueie. Marit f.1873 vart 1907 gift med Ole Hansen Randen Gjeilen f.1866. Til Gjeilen. Marit hadde tidlegare 3 barn:

Kari f.1893, (faren var Jakob Olsen Skjedsvolf f.1859), voks opp hjå farsystema Kari Nygaard på Tretten. Kari g.m. Albert Johannesen Jemsis, Veldre f.1894

Alfred f.1897, fødd i Øyer, (faren var Johan Olsen Hong f.1850), budde her saman med mora i 1900. Voks opp på nørdrø Slette på Lesjaskog der han var i 1910 som Alfred Johansen, på Enstad i 1920 som Alfred Johansen Slettum.

Ragnvald f.1903, (faren var lensmann Jo Nordahl), voks opp på Staurust i Lom der han var i 1920. Hjå mora på Gjeilen i 1910.

Gunild f.1877, faren var Andreas Andersen, Lillehammer. Gunhild her i 1910 og 1920.



Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen, Olav Kvarberg

Bjørn Idar Granli, Gudbrand 4-2022: Kari Jakobsdatter Nygaard fra Vågå/Tretten

## Uleberg – Ulen

Christen Johnsen overtok Moen i Vågåmo 1767. Christen Jonsen f.ca.1726 d.1783 vart 1759 gift med Anne Toresdotter Holen 1739-1793. Ved skifte i 1783 vart Christen kalla Uleberg, men ved skifte i 1793 vart Anne nemnd under Prestgarden. Christen og Anne hadde 5 barn:

Jon f.1861

Anne f.1762

Thore f.1768, g.m. Ragnhild Eriksdotter Skårvang 1759-1834. På Moen

Hans f.1772

Knut f.1775

Frå 1776 var Sørem på 2 huder 10 skinn mot tidlegare 3 huder. Plassen Ulleberg 2 skinn vart i 1776 seld frå eigaren av Sørem Jens Tronhus til svigersonen lensmann Jarmann for 300 rd. Lars Jarmand f.ca.1740 d.ca.1793 vart ca. 1767 gift med Karen Margrethe Trondhus f.ca.1745, dei hadde 8 barn:

Karen f.1767, seinare brukar

Anne Marie 1771-1815, g.m. Rasmus Johannessen Sve f.1770. På Sandbu sygard nistugu.

Anniken Margrethe 1772-1772

Jens Petter f.1773, neste eigar

Karen Kristine 1776-1779

Aneche 1779-1779

Martha Christina f.1780

Lars Gotlob f.1785

I 1799 selde og skjøta enkja Karen Margrethe garden Ulleberg 2 skinn til eldste sonen Jens Peter Jarmann for 699 rd. Jens var i 1801 lensmann eller lensmannsdreng på Fron.

Jens Peter Jarmann selde og skjøta i 1801 Ulleberg 2 skinn til svogeren Tord Tordsen Ulleberg f.ca.1763 for 400 rd. Tor var truleg frå Harildstad son til Tord Hansen Tolstad 1736-1818 og Berte Syversdtr. Aasaaren 1739-1772. Tord Tordsen f.ca.1763 var gift med Karen Jarmann f.ca.1770. Tord kjøpte seinare Aamodt ved Sjoa.

I 1804 var det skjøte frå Tor Torsen Ulleberg, nå Aamodt til sorenskrivar Bjerregaard for 1200 rd. Mads Bjerregaard 1761-1831 var gift med Alet Ørtlein f.ca.1761 d.1846, dei hadde 3 barn:

Henrik Anker 1792-1860

Anne Marie 1793-1878, g.m. Andreas Molbech Lundh 1787-1867

Cristine M f.ca.1795, g.m. løytnant Ziegler, i Sundlien

I 1849 var det skjøte frå sorenskrivar Bjerregaards dødsbu til Thor Olsen Sandbu for 1000 spd. Thor Olsen Sandbu s-n 1808-1885 var son til Ole Andersen Laurgard f.1772 og Mari Thorsdtr. Romundgard f.ca.1771 d.1869, Thor vart 1841 gift med Ragnhild Olsdotter Viste f.1818 dotter til Ole Iversen Viste 1773-1852 og Guri Tordsdtr. Olstad, Sel 1793-1852. Thor og Ragnhild hadde 2 barn:

Mari 1851-1865

Guri f.1857 d.før 1875

I 1857 var det skjøte frå Thor Olsen til Eardley John Blackwell. Eardley John 1831-1866 var gift med Mari Sve Sandbu 1837-1895 som var dotter til Thor Andersen Sve 1799-1873 og Kari Olsdtr. Sandbu 1806-1896. Kari var syster til Thor Olsen, Mari overtok dermed etter onkelen. Mari og Eardley John hadde 2 barn:

Elisabeth Emma 1857-1898, g.m. Francis Slater 1853-1933, til England

Kari 1859-1899, g.m. Jonathan Julius Aars Fabritius f.ca.1852-1916, på Klones

I folketeljinga 1865 vart Iver Andersen nemnd som gardbrukar og sjølveigar. Iver Andersen Sve 1802-1880 var bror til Thor Sve og dermed onkel til Mari Blaackwell som han overtok Uleberg frå. Iver var gift med Kari Amundsdotter Sandbu, Fron 1802-1886, dei hadde 3 barn:

Kari f.ca.1832, g.m. Hans Olsen Austrem n. f.1835

Anders 1836-1917, neste brukar

Thor f.ca.1843

I 1871 var det skjøte frå Blackwells dødsbu til Anders Iversen for 950 spd. Føderåd til Iver Andersen og Kari Amundsdotter vart tinglyst i 1872. Anders var gift med Barbro Knutsdotter Rusnes 1832-1917, og i 1875 budde dei på Rusnes. Anders og Barbro hadde 8 barn:

Kari 1861-1873

Iver 1862-1940, g.m. Guri Pålsdtr. Mo 1858-1924, på Rusnes

Knut f.1865, til USA

Mari 1867-1953, g.m. Pål Olsen Helle 1866-1948

Kari f.1870-1947

Jon 1872-1874

Jon 1874-1875

Ragnhild 1876-1877

I 1873 var det skjøte frå Anders Iversen til forstassistent J. H. Bruun for 1935 spd., og i 1875 var det Bruun og familien som budde på Uleberg. I 1862 og 1866 budde familien i Beieren i Nordland, medan dei i 1868 var i Vågå. I 1900 budde dei i Nannestad. Johannes Irgens Hadeln Bruun, Vigør i Hardanger f.1937 var gift med Hanna Knudsen, Kristiania f.1836. Johannes og Hanna hade 3 barn:

Borghild f.1862

Karl f.1866

Brynjolf f.1868, kommunelege, i Nannestad i 1900

I 1900 var det skogforvaltar Peter Andreas Borchgrevink, Vardal f.ca.1855 som budde på Uleberg. Han var son til Hans H T Borchrevink, Gausdal f.1818 og Teodora, Østre Toten f.1819. I 1889 var Peter forstassistent i Tana der han med Gjertrud Andersdotter f.1861 fekk dottera:

Anna f.1889

I 1910 og 1920 budde Borchgrevink på Lillehammer og vart nemnd som skogforvaltar. Han var gift med Hanna Georgine (Gina) Schou, Trøgstad f.ca.1870, dei hadde 2 barn:

Hans Henrik Toulov Borchgrevink f.1895 i Vågå, g.m. Gundor Finne, Oscarsborg f.1902  
Alhid Schou f.1901

I 1909 var det skjøte frå J. Hadeln Bruun til skogforvalter S. W. Andersen for kr 8000. Ved frådelling av Braaten gnr. 13 bnr. 2 vart attverande del gnr. 13 bnr. 1 kalla Ulen. Simen Wolrath Andersen 1877-1939 var gift med Karen Marie Walle f.1877-1920 dotter til Ole Jonsen Blessom s. 1846-1913 og Caroline Hansdtr. Valle Fellese 1845-1902. I 1910 var det skjøte frå S. W. Andersen til Karen Marie Andersen og Hanna Gyda Walle for kr 9200. I 1910 var den skilte Karen Walle f.1877 gardbrukar og sjølveigar. Den ugifte Hanna Walle 1852-1920 hjelpste til i huset. Simen og Karen hadde 1 barn:

Kari Walle Wolrath f.1909.

I 1921 var det auksjonsskjøte på Uleberg til Øystein Hovde for kr 35500. Øystein Hovde, Heidal 1854-1945 var son til Syver Østensen Hovda f.1827 og Mari Olsdtr. Steinehaugen 1832-1925. Øystein selde Hovda i Heidal i 1917. Øystein vart 1880 gift med Ingrid Blessom n. 1846-1937 dotter til Pål Tordsen Romundgard 1817-1902 og Anne Hansdtr. Formo f.1822. Øystein og Ingrid hadde 7 barn:

Marie 1880-1962, på Uleberg

Anne f.1881, g.m. Oscar Severinsen Tomter, Romedal f.1884

Marit 1883-1978, på Uleberg

Sigurd 1885-1922, g.m. Guri Hansdtr. Snerle m. 1891-1950, til Blessom n

Pauline 1887-1986, neste eigar

Mari 1890-1969, g.m. Ragnvald Ulsletten f.1904, hadde sonen Øystein f.1928

Inga 1892-1948, på Uleberg

I 1928 var det skjøte frå Øystein Hovde til dottera Pauline for kr 16000 inkl. lausøyre kr 4500.

Øystein Uleberg f.1928 overtok etter tanta i 1968. Øystein var son til Mari Hovde 1890-1969 og Ragnvald Ulsletten 1903-1982

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, søre Viste, Rusnes

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen og Knut Raastad, Jutulen 2012: Bjerregaard og Lundh i Vågå

Norske gardsbruk 1953-1997

## Ulabråten

Arne Larsen og hustru Else Olsdotter fekk i 1819 husmannsfestekontrakt med eigaren av Uleberg sorenskrivar Bjerregaard. Arne Larsen 1791-1871 var frå Rusten under søre Kleiven på Lalm. Arne var son til Lars Andersen Svenstad 1755-1814 og Ymbjørg Arnesdtr. Runningen 1766-1848. Arne vart 1815 gift med Else Olsdotter Øyseie f.ca.1785 d.1861. Arne og Else hadde 5 barn:

Hans 1814-1815

Gunild 1816-1895, g.m. Peder Olsen Lien d.1897

Lars f.1819

Henrik f.1822, neste brukar

Christine (Stina) f.1825, g.m. Ola Knutsen Skjennaeie f.1824, til Søremsbråten

Henrik var gift med Anne Olsdotter Kaldstein, Sel dei hadde 4 barn:

Arne 1848-1927, neste brukar

Eli f.1855

Ola f.1856

Gunhild, g.m. Jakob Stadeløkken f.1866

Arne 1848-1927 var gift med Eli Persdotter Klonesbakken f.1850 dotter til Per Knutsen Klonesbakken. Ulabråten gnr. 13 bnr. 2 vart i 1909 frådelt frå Uleberg med skjøte frå S. W. Andersen til Arne Braaten for kr 1800,-. Arne og Eli hadde 8 barn:

Per f.1874, g.m. Guri Olsdtr. f.1872, til Bjørkheim

Hans f.1872, g.m. Rannei Storviksæter. Til Heggero

Anne, til USA

Anne d.y.

Anders 1884-1965 neste brukar

Johanne

Mari

Knut 1887-1931, g.m. Ragnhild Larsdtr. Kleiven n. f.1888

Anders overtok etter faren med skjøte i 1917 for kr 1850,- inkl. lausøyre kr 650,- samt føderåd verdsett til kr 1000,-. Søremsbråten gnr. 14 bnr. 5 vart frådelt frå Søre i 1939 med skjøte frå Marie Lunde til Anders A Bråten for kr 1000. Anders vart 1918 gift med Brit Kvamsøygard, Lom 1896-1977. Anders og Brit hadde 11 barn:

Arne f.1918, neste brukar

Einar f.1919

Anna f.1921

Erling f.1923

Ragnhild f.1926  
Aslaug f.1920  
Borgny f.1930  
Klara f.1933  
Knut f.1935  
Alf f.1938  
Kåre f.1940, g.m. Liv Tøfte Sandbugard f.1941

Arne overtok i 1957 med skjøte for kr 8000 inkl. lausøyre kr 2000 samt føderåd kr 1200.

Arne overdrog i 1985 til brorsonen Bjørn Morthen Bråten f.1963, son til Kåre Bråten.  
Broren Audun Bråten f.1967 overtok med skjøte i 1990. Audun er sbm. Randi Aanstad f.1972 og dei bur på Sandbugarden.

Gro Dybvik f.1975 og Lars Erik Kolden f.1976 overtok heimelen frå 2015.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Knut Raastad, Jutulen 2012: Braatelykke under Uleberg

Martinus Høgåsen: notat om Ruste (Kleivruste)

## Søremsbråten

Ole Knutsen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Sørumsbraaten, i 1875 nemnd som Braaten under Sorem. Ola Knutsen Skjennaeie, Sel f.ca.1822 var son til Knut Pedersen Skjennaeie. Ole vart 1825 gift med Christine (Stina) Arnesdotter Ulebergeie 1825-1907 dotter til Arne Larsen Rusten Ulebråten og Else Olsdr. Øyseie. I 1851 var familien på Skårseie og i 1854 på Ulebergseie dvs. Ulabråten der Stina kom frå. I 1859 hadde dei fått sitt eige på Soremseie, dvs. Søremsbråten. Ole og Stina hadde 3 barn

Ole f.1851

Knut f.1855

Anders f.1859

I 1920 budde Ole Olsen Synnehaugen f.1869 på Søremsbråten, han var da jordbruksarbeidar. Han vart 1891 gift med Mari Olsdotter Svarttjernulen f.1859 dotter til Ole Fredriksen og Rønnaug Hansdr. Svarttjernulen f.1836. I 1900 og 1902 budde Ole og Mari i Svarttjernulen og i 1910 på Sel. I 1915 vart sonen nemnd som Braaten. Ole og Mari hadde 4 barn:

Ole f.1890, g.m. Anne Amundsen, Fåberg f.1895. Til Tangsæter, seinare Synnes-stugu

Hans f.1895

Anders 1899-1977, g.m. Ragnhild Øvergård 1899-1974

Kari f.1902

Søremsbråten gnr. 14 bnr. 5 vart frådelt frå Sørem i 1939 med skjøte frå Marie Lunde til Anders A Bråten for kr 1000 og kom dermed saman med Ulabråten.

Tovehytta gnr. 14 bnr. 7 vart frådelt frå Søremsbråten i 1950 med skjøte frå Anders A Bråten til Alf Bjerke d.1965. Enkja Esther Bjerke fekk 1965 tinglyst uskifte. Jan Erik Lien f.1958 overtok med skjøte i 1992.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

## Haugalykkja

Knut Eriksen Bjørgen 1846-1926 var i 1875 husmann på Bjørgen. Knut var son til Erik Hansen Bjørgen 1808-1881 og Guri Knutsdotter Kleppeeie Bergum 1808-1877. Han vart 1874 gift med Marit Pedersdotter Pillervigen 1846-1891 dotter til Peder Hansen Pillervigen.

Knut og Marit hadde 1 barn:

Hans f.1890

Knut Bjørgen som da var dagarbeidar vart 1900 gift på nytt med Mari Jonsdotter Pladsen f.1859 dotter til Jon Hansen. I 1900 budde dei på Nesset, i 1910 budde han i stugu på Bjørgen og i 1920 var han enkjemann på Haugalykkja.

Haugalykkja gnr. 12 bnr. 2 vart 1910 frådelt frå søre Haugen gnr. 12 bnr. 1. I 1949 vart det tinglyst at Vågå kommune hadde heimel til denne eigedommen. I 1950 var det skjøte frå Vågå kommune til Jakob O Haugen for kr 230 og sidan har Haugalykkja følgd nørdrø Haugen gnr. 16 bnr. 1. Haugalykkja ligg mellom Uleberg og Ulabråtå.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Kari Hølmo Holen

## Grønlykkja

Grønlykkja var ved bekken Grøna, kanskje lenger ned enn Grønsletta.

Ole Olsen Øyseie 1798-1851 vart 1822 gift med Anne Knutsdotter Kleppeeie 1797-1844. Dei vart baa nemnde på Grønløkken da dei døydde i 1844 og 1851. Ved barnefødsler var dei i 1822 på Søremseie, i 1826 på Thougeie medan dei i 1827 og 1830 var på Sandbuseie og i 1841 på Rui under Sandbu. Ole og Anne hadde 5 barn:

Marit 1822-1908, neste brukar

Ole f.1826  
Guri f.1827  
Else f.1830  
Else f.1841, til Christiania 1867

Marit vart 1853 gift med John Pedersen Søremsseie Søremskleiven f.ca.1832 d.1898 son til Peder Imbretsen Rottenseie Kjølstad n. f.ca.1810 d.1877 og Anne Olsdr. Søremskleiven f.1797. I 1865 var John husmann utan jord på Grønløkken, han vart også nemnd som Grønløkken i 1873. I 1875 budde Marit på Søremsshaugen og levde av hånndarbeid og dagarbeid, medan John var kjørekar på nordgard Sandbu. I 1900 var Marit enkje og budde på Søremskleiven, dei budde også der da John døydde i 1898. John og Marit hadde 2 barn:

Anne f.1850  
Ole f.1853

John reiste til Østerdalen i 1853, men kom att ca.1858. Han hadde fleire barn utanom ekteskapet:

Anne f.1855, mora var Magnhild Semmingsdr. Snerten, Rendalen f.1825  
Ole f.1856, mora var Gjertrud Haagensdr. Sømæaen, Rendalen  
Petter f.1856, mora var Olava Pedersdr. Femundsvold, Rendalen f.ca.1824  
Rønnaug f.1867, mora var Rønnaug Hansdr. Svartjernulen f.1836  
Ole f.1873, mora var Anne Knutsdr. Ødegården under Kleppe f.1846

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm  
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar  
Ola Næsteby om John Pedersens barn i Rendalen